

Informasjon ved handleddsbrot

Gipsbehandling ved eit handledsbrot varer vanlegvis 4 veker.

Gipsen blir lagt slik at brotet skal gro best mogleg stilling, og etter 10-12 dagar blir dette kontrollert med eit røntgenbilde.

Første døgn må gipsen ikkje dekkast til av kle eller dyne. Den treng luft for å tørke heilt.

Mens gipsen er på, er dette viktig:

- Hald handa høgt, for eksempel over motsett skulder. Dette gjeld særleg dei første 1-2 vekene, og dersom fingrane har ein tendens til å hovne.
- Beveg fingrane, dvs. knyte og strekke handa fullstendig.



- | | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none">• Trene bøy og strekk i olbogeleddet, og løfte heile armen høgt over hovudet slik at skuldra ikkje stivnar. | |
|---|--|

Armen skal ikkje leggast i fatle.

Etter kvart kan armen brukast til å lettare gjeremål, men pass på å ikkje vri underarmen utover smertegrensa.